

Dokument, instruksar, meldingsblad, opprop, mmx frå Vestlandske
Frihetsråd, seinare Heimefrontens Fylkesråd.

1. Frihetsråd før heimefronten. Det politiske grunnlaget vedteke på skipingsmøte den 1/5 1944, på Hjelmås i Nordhordland.
2. Instruks for frihetskomiteane i herada. Om oppbyggingsmåten for det illegale arbeidet.
3. Instruks for økonomileiaren i F.K. (dei heradsvise frihetskomiteane)
4. Instruks for etterretningsmann - " -
5. Instruks for ungdomsleiar - " -
6. Konspirasjonen og det "illegale" arbeidet. Ålmenne reglar for dei som kjem med i det illegale arbeidet.
7. Meddelelsesblad frå nr. 1 den første juli 1944 til nr. 7, den 11 nov. 1944. (Innbrotet frå Gestapo i november gjorde at meldingsbladet vart stogga.)

Innhald i Meddelelsesbladet:

- Nr. 1. Heimefronten og regjering. Politisk og militært nytt.
- Nr. 2. Instruks for innsamling av materiale til ei bygdekrigssoge.
- Nr. 3. Til frihetskomiteane. Nederlandsk ministerkrise.
Om bygdekrissoge. Vær på vakt
- Nr. 4. Vestlandske Frihetsråds arbeid i heimefronten.
- Nr. 5. F.K. i heimefrontens arbeid. Det økonomiske spørsmål. Haustgrøa må bergast for folket.
- Nr. 6. Paroler. Forsyninga. Ny avis. Dekningsplassar. Arbeidsnemnd.
- Nr. 7. Til etterretningsmennene i F.K. Forsyningsspørsmålet. Rapportar. Evakuerings-spørsmålet.
8. Maten må bergast. Opprop frå Fylkesrådet.
9. Matoffensiv i heimefrontens kamp. Opprop frå Fylkesrådet.
10. Til jordstyra og forsyningsnemndene. Opprop frå Fylkesrådet.
11. Til obligasjonskjøparane. Orientering til dei som gav pengar til det illegale arbeidet ved å kjøpe frihetsobligasjonar som var sende ut av Fylkesrådet.
12. Til ungdomsleiderne vedr. A.T.-menn i dekning. Orientering frå ungdomsleiareren til komiteane.
13. Ad spørsmålet om retningslinene for kommunalordninga under og etter krigen. Rundskriv Skriv til Hjemnefrontens ledelse om kommunalordninga vedteke på Fylkesrådsmøte etter drøfting av saka.
14. Til tillitsmennene. Orientering om det nye politiske grunnlaget frå Hj. 1. som rådsmedlemene skulle godta, og som dei nekta med unntak av ein. Orienteringa sent til heradskomiteane til drøfting.
15. Til tillitsmennene. ~~Orientering~~ Skriv til komiteane i høve av eit rundskriv som var sendt ut frå Bergen om at dei gamle medlemene i Fylkesrådet "ikkje lenger var godkjende som leiing av det illegale nostandsarbeidet i fylket".
16. Til tillitsmennene. Orientering vedr. mulig folkestreik.

17. Kai Munks nyttårspreken 1 jan 1943. Mangfoldiggjort og spreidd av komiteane.
18. Instruksjon om eventuel invasjon o.l.
19. Til den frilynde ungdomen. Opprop.
20. Til alle eiere av transportmidler. Opprop.

Gjallarhorn for året 1944 og 1945

Innhald:

- Nr. 1 24 juni 1944. Dikt (Garborg), Til dei som har nekta A.T. og "arbeidsinnsats". Om utskrivning til arbeidsinnsatsen. Notisar.
- Nr. 2, 31 juni 1944. Dikt (Sivle). Samfunnsmoral og samfunnsplikt. Den danske heimefronten.
- Nr. 3, 7 juli 1944. Frihetens pris. Danmarks kamp.
- Nr. 4, 14 juli -44. 9 dødsdomar og kva dei seier oss. Krigsnytt.
- Nr. 5, 21 juli -44. Tysklands samanbrot. Notisar.
- Nr. 6, 1 august -44. "Total mobilisering". Oppgåvene for ungdomen. Nytt frå frontane.
- Nr. 7, 3 august 1944. Churchils tale i underhuset 2/8-44. Advarsel til landets lensmenn.
- Nr. 8, 19 august -44. Ungdomen og krigen. Krigsnytt.
- Nr. 9, 25 august -44. Dikt (Øverland) Fred, frihet og fritt ord. Krigsnytt.
- Nr. 10, 5 sept. -44. Paroler og praksis. Hausten må bergast for folket. Krigsnytt.
- Nr. 11, 14 sept. -44. Demokratiet marsjerer. Kulturfronten. Skulefronten. Churchill og Roosevelt møtest i Quebeck. Krigsnytt. Åtva ring.
- Nr. 12, 20 sept. -44. Kvar er din front.. Krigsnytt. Notiser.
- Nr. 13, 29 sept -44. Gjer reint i rekkene. Åtva ring. Churchils tale i Underhuset 28 sept.
- Nr. 14, Å halda kjeft. Åtva ring. Churchill i Moskva.
- Nr. 15, 26 okt. -44. Første norske by fri fra tyskerne. Kong Håkon talar til Norge. Statsminister Nygårdsvolds tale. Hald deg budd. Mellom bønder. Bondefronten.
- Nr. 16, 1 nov. 1944. Vær på vakt. Ordre fra Hjemmefrontens ledelse. Churchils tale den 27/10-44.
- Nr. 17.
- Nr. 18, 23 desember -44. Dikt (Garborg) Siste jul i trelldom. Pliktene for alle. Brotsmenn. Krigsnytt.
- Nr. 1. 6 januar -45. 1945 - fridomens år! Vår politiske framtid. Eit fritt Norge i 1945. Fra Roosevelts tale i den amerikanske kongress.
- Nr. 2, januar 1945. Lærdom av tysk offensiv. Vår politiske framtid. Korleis reagerer du.
- Nr. 3, januar 1945. Våre feil og fiendens taktikk. Såleis er det i Danmark. Krigsnytt frå frontane.
- Nr. 4, februar 1945. Nasjonal innsats for kvarmann. Vår politiske framtid.
- Nr. 5, april 1945. Proklamasjon fra Hjemmefrontens ledelse. Samling av kreftene mot fienden. Notisar.
- Nr. 6, april -45. Forholdsordre fra H.j.l. Nazismens samanbrot. Justisminister Terje Vold om lov of rett etter krigen. Ordlyden forslagene Dumbarton Oaks.

- Nr. 5, februar 1945. Krimkonferansen legg retningslinene fram
Den rette tone. Passivitet fører til auka terror.
- Nr 6, mars 1945 Nazistisk propaganda og demokratisk mentalitet. Mat-
spørsmålet og våronna.
- Nr. 7, mars 1945. Den norske heimefronten.
(Dette er (merkt nr 5)
- Nr. 8, april 1945. Proklamasjon fra Hjemmefrontens ledelse. Samling av
kreftene mot fienden. Notisar.
- Nr. 9, april 1945 . Dei siste timane for Hitlertyskland. Frå regjeringa.
Svensk invasjon i Norge? Attereisinga av rettsstaten
Nazismens vesen. Norske politistyrker ved befriel-
sen av Norge. Samarbeid med de militære. Rådgjerdar
mot berikelse under okkupasjonen.
- Nr. 10, 30 april-45. Forholdsordre fra Hjemmefrontens ledelse, nr. 1.
Nazismens samanbrot. Justisminister Terje Vold
om rett og lov etter krigen. Ordlyden av forslage-
ne fra Dumbarton Oaks
- Nr. 11, 4 mai-45. Siste nytt. Var tenksame i ord og handling. Studie
materiell.
- Siste nummer av
Gjallarhorn 7 mai 1945. FUGED! Tyskland kapitulerer. Norsk sang av
Collet Vogt.
-